



SYKKYLVEN KOMMUNE

Planstrategi 2021-2023

og

Planprogram for kommuneplan - samfunnsdelen

Vedtatt Kommunestyret sak 13/21 15.02.2021



INNHALD

1	Innleiing	3
2	Status førre planstrategi.....	4
3	Utfordringar.....	5
4	Rammevilkår.....	6
4.1	Nasjonale forventingar	6
4.2	Regionale forventingar	7
4.3	Omstillingsprosjekt.....	7
5	Vurdering av gjeldande planar	8
6	Planstrategi 2021-2023	12
7	Planprogram samfunnsdelen	13
7.1	Organisering	13
7.2	Prosess.....	13
7.3	Medverknad	14
7.4	Vurderingsalternativ.....	14
7.5	Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov	14

Kommunestyrevedtak 15.02.2021, sak 13/21:

KST - behandling:

Samrøystes vedtak: Som formannskapet si tilråding.

KST - Vedtak:

Sykkylven kommune vedtek planstrategi 2021-2023 og Planprogram for for kommuneplan, samfunnsdelen i tråd med vedlegg til saka, med slike tillegg:

1. Plan for inkludering/integrering av innbyggjarar av utanlandsk herkomst, vert eit eige punkt i planstrategien.
2. Universell utforming skal gjennomsyre alt planverk i Sykkylven kommune.
3. Bustadsosial handlingsplan skal rullerast samtidig med dei andre planane. Oppstart: 2021


1 Innleiing

PLANSYSTEMET

Det kommunale plansystemet, slik det er nedfelt i plan- og bygningslova, går fram av figuren til høgre.

Kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel, er det overordna styringdokumentet.

Kommuneplanen skal ha ein langsiktig tidshorisont. Behov for rullering skal vurderast kvar fjerde år.



Figur 1. Kommunalt planstrategi i det kommunale plansystemet.

OM PLANSTRATEGI

Planstrategi er kommunestyret sin oversikt over kva planar som skal lagast i løpet av planperioden.

Krav om planstrategi er heimla i Plan- og bygningslova, § 10-1. Ny planstrategi skal utarbeidast for kvar valperiode.

Strategien skal bygge på ei vurdering av utfordringar og moglegheiter for kommunen, samt ei vurdering av tilgjengelege ressursar og kva som er realistisk å gjennomføre.

I strategien skal ein vurdere om det er planar som treng rullering, planar som kan gå ut eller kva ein eventuelt treng nye planar for.

Kommunen skal ha dei planane som er nødvendige for ei målretta styring i tråd med politiske vedttekne målsettingar. Planane skal vere samkørte, oversiktelege og målbare.

OM KOMMUNEPLAN SAMFUNNSDELEN

Samfunnsdelen skal trekke opp visjon, målsettingar og strategiar for både lokalsamfunnet Sykkylven og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen er eit politisk dokument, forpliktande for folkevalgte og administrasjonen i kommunen. Samfunnsdelen skal vere eit samlande dokument som aktivt skal brukast i revisjon av kommuneplanen sin arealdel, for overordna økonomiske disposisjonar og kommuneorganisasjonen sine rullerenda handlingsplanar.

2 Status førre planstrategi

Tabellen under viser status for planoppgåver vedtatt i førre planstrategi. Grøn farge = gjennomført eller fullføring i løpet av 2020:

	2017	2018	2019	2020	Ansvarleg	STATUS 2020
Skuleeigarstrategi	■	■		■	Skule	Vedtatt 2019
Barnehageplan		■	■		Barnehage	
Helse- og omsorgsplan			■	■	Helse og omsorg	I slutfase. Vedtak mai/juni 2020
Plan for legetenesta			■	■	Helse og omsorg	Under arbeid. Vedtak 2020
Folkehelseplan			■	■	Kultur/Helse	
Handlingsplan LHBT	■	■			Helse og omsorg	Inkludert i Helse- og omsorgsplan. Vedtak 2020
Ungdomssatsing			■	■	Kultur/Helse	
Frivilligmelding			■	■	Må avklarast *	
Kulturminneplan	■	■			Kultur	Under arbeid. Vedtak 2020
Idrett og friluftslivsplan	■	■		■	Kultur	Ikkje slutført. Planlagt vedtak 2020
Smittevernplan	■	■			Kommunelegen	Innarbeida i beredskapsplanverk.
Helseberedskapsplan	■	■			Kommunelegen	Innarbeida i beredskapsplanverk.
Trafikktryggingssplan		■	■		Teknisk/Skule	Under arbeid. Vedtak 2020
KDP Straumgjerdje	■	■			Teknisk	Vedtatt 2017
KDP Utvida sentrum		■	■	■	Teknisk	Vedtatt 2020
Energi og klimaplan			■	■	Teknisk/SR	Under arbeid. Sunnmøre Regionråd. Vedtak 2020
Næringsplan	■	■		■	SNU	Vedtatt 2019
Hovudplan vassforsyning	■	■	■		Sykkylven Energi	Vedtatt 2018 Ny rullering 2022
Hovudplan avløp		■	■		Sykkylven Energi	Under arbeid. Vedtak 2020
Rehabiliteringsplan					Helse og omsorg	Inkludert i Helse- og omsorgsplan. Vedtak 2020
Løypeplan for Fjellsætra		■	■	■	Teknisk/kultur	Under arbeid. Vedtak 2020
Landbruksplan		■	■		Teknisk/landbruk	

Oversikten viser at dei fleste planane kommunestyret ønskte er utarbeida i tråd med bestillinga. Tidspunkt for ferdigstilling avvik noko for fleire planar. Dette viser tydeleg at kapasitet må vere eit viktig element i prioriteringa av planoppgåver. Lovfesta krav til innhald og prosess gjer planarbeidet både ressurs- og tidkrevjande.

Nokre planar er ikkje utarbeida. Barnehageplan er av sektoren sjølv vurdert som ikkje nødvendig lenger, då sentral rammeplan for barnehage nå dekker planbehovet.

Ungdomssatsing, frivilligmelding og folkehelseplan har ikkje blitt tatt tak i. Kapasitet og prioritering, men også etterspørsel er avgjerande. Dersom ein verken politisk eller administrativt prioriterer fram ein plan, må ein vurdere om det er reelt behov.

Innanfor helse- og omsorgssektoren er fleire delplanar nå samla i ein felles helse- og omsorgsplan. Dette gir større moglegheit for samordning og heilskapleg planlegging.

3 utfordringar

Utfordringsbilde har endra seg sidan førre planstrategi og samfunnsplan vart vedtatt. Endringane får direkte verknad for lokalsamfunnet, for tenestebehov og for kommuneøkonomien.

-Folketalet går ned.

Nye prognoser for folketal er meir negative enn tidlegare. Frå 2018 til 2020 minka folketalet med 70 personar. Auke eller nedgang har alltid svinga, men minus-åra har kome hyppigare seinare år. Til dømes auka folketalet første tiåra etter tusenårskiftet med til saman 279 personar. Neste tiår var den samla endringa minus 37 personar. (SSB 06913)

Nye framskrivingar av folketalet (SSB august 2020) viser ein forventna nedgang frå 7625 innbyggjarar i 2020 til 7251 i 2030. Altså 374 færre personar på 10 år. (SSB 12882 Hovudalternativ MMMM)

Kommunen blir i endå større grad avhengig av innvandring og tilflytting for å oppretthalde folketalet.

	2020	2030	Endring
0 år	58	57	-1
1-5 år	385	297	-88
6-12 år	676	446	-230
13-15 år	291	260	-31
16-19 år	433	351	-82
20-29 år	838	746	-92
30-44 år	1341	1148	-193
45-66 år	2254	2155	-99
67-79 år	978	1171	193
80-89 år	282	534	252
90 år +	89	86	-3
SUM	7625	7251	-374

-Fleire eldre og færre unge.


Aldersfordelinga endrar seg slik at vi blir fleire eldre og færre yngre. Demografiske endringar tilseier ei vesentleg forskyving av aldersfordelinga i kommunen. Fleire eldre og færre yngre gir endra tenestebehov og nye utfordringa for kommunen. Særleg urovekkande er det at ein forventar markert reduksjon i småbarnsfamiliar. Endringane får direkte følgjer for kommuneøkonomien.

(SSB 12882 Hovudalternativ MMMM)

-Tallet arbeidsplassar minkar.

Siste ti-året har både tal arbeidstakarar busett i kommunen, og tal arbeidsplassar i kommunen minka. Tala kan svinge frå pluss til minus frå år til år, men trenden over tid er negativ.

Same periode har pendling ut av kommunen auka frå 17% til 21% av busette i kommunen. (Fylkesstatistikk/SSB). Kommunen vert likevel rekna som relativt svakt integrert i den regionale arbeidsmarknaden.



Kommunen har eit svært aktivt og godt næringsliv, men vert framleis rekna som næringsmessig sårbar grunna høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor.

-Kommuneøkonomi

Endringar i folketal, aldersfordeling får direkte utslag for kommuneøkonomien. Staten reduserer nå rammetilskotet til kommunen år for år. Kommunen har ikkje store nok inntekter i høve til utrekna utgiftsbehov (KMD/Telemarkforskning).

-Berekraft

Å skape berekraftige samfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig, er vår tids største utfordring. Regjeringa har innført FN's 17 berekraftsmål som ramme for all regional og lokal planlegging. Det er ein vesentleg ny faktor som skal leggest til grunn for alt planarbeid.

Kommunestyret har vedtatt at Sykkylven skal delta i fylkeskommunen sitt bærekraftsprosjekt. Dette inneber kartlegging av status på dei 17 berekraftmåla. Kunnskap frå kartlegginga vil venteleg påverke planbehovet.



4 Rammevilkår

4.1 Nasjonale forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Berekraft er gjennomgåande prinsipp i forventningane. Dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.

Regjeringa peikar på fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Forventningane fokuserer på:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn over heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å leve og bu.

Statlege planretningslinjer innanfor ulike områder legg føringar for lokalt planarbeid



4.2 Regionale forventningar

Fylkesmannen lagar også eit forventningsbrev til kommunane. Ut frå nasjonal politikk og regionale utfordringar, peikar Fylkesmannen på fire overordna prioriteringar:

- Berekraftige kommunar og kommunestruktur
- Miljø og klima
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om livsløp og folkehelse


Forventningane vert utdjupa innanfor 9 ulike fagområde:

- Plansamordning og kommunalplanlegging
- Kommuneøkonomi og skjønnsmidlar
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Byggesakshandsaming – utrygg byggegrunn
- Oppvekst og utdanning
- Klima og miljø
- Landbruk
- Helse og omsorg
- Folkehelse, livsløp og velferd



Fylkeskommunen utarbeider Regional planstrategi (RPS) som sitt grunnleggande plandokument. Det er eit overordna plandokument som viser dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover og kva planar fylkeskommunen skal ha for å møte desse. Her gjer ein val som påverkar utviklinga i Møre og Romsdal. Dokumentet styrer korleis fylkeskommunen prioriterer ressursbruken i økonomiplan og budsjett, og skal ligge til grunn for både statleg og kommunal planlegging i fylket.

Fylkeskommunen er ein svært viktig medspelar og bidragsytar til kommunale utvikling innanfor ulike testområde. Godt samspel mellom fylkeskommunale og kommunale planar er viktig for ei samla utvikling til beste for alle innbyggjarane i fylket.



4.3 Omstillingsprosjekt

Sykkylven kommune har søkt status som omstillingskommune, og fekk i 2020 tilskot frå fylkeskommunen til ei forstudie for eit 6-årig omstillingsprogram. Måsettinga er å bidra til ein meir robust og variert næringsstruktur gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Omstillingsprosjektet vert leia av Sykkylven Næringsutvikling.

Kommunale planar må samspele med omstillingsprosjektet for målretta innsats innanfor ulike sektorar. Kunnskap frå prosjektet vil vere viktig i kommunalt planarbeid.

5 Vurdering av gjeldande planar

Tabellen viser gjeldande politisk planar med vedtaksår, kommentert og vurdert med utgangspunkt i einingane sine tilbakemeldingar og politiske orienteringar i vår.

KOMMUNEPLAN - SAMFUNNSDELEN	
Samfunnsplan 2011-2025 Vedtatt 2011	<p>Samfunnsplanen skal vere det overordna styringsdokumentet som stakar ut kurs og peikar på viktige innsatsområde ut frå dei utfordringane kommunen står overfor.</p> <p>VURDERING: Planen er enkel og har ein oversikteleg struktur. I ettertid ser ein at det vert mange gode målsettingar, men for lite prioritering. Ein manglar ei god kobling mellom overordna målsettingar og tiltak, og det er vanskeleg å måle resultat</p> <p>Planen vart utarbeida ut frå den tids føresetnadar og utfordringar. Situasjonen har endra seg mykje etter 2011. Minkande folketal, endra aldersfordeling og negative folketalsframskrivingar er sentrale endringar. Klima har kome sterkare i fokus og bærekraft er blitt eit gjennomgåande tema for all offentleg forvaltning. Samfunnsplanen frå 2011 handterer ikkje desse nye føresetnandane, og er moden for rullering. Kommunen treng å stake ut kurs betre tilpassa dagens utfordringar. Ny samfunnsplan bør utarbeidast.</p> <p>Kommunedirektøren foreslår vedtak om oppstart saman med handsaming av ny planstrategi.</p>
KOMMUNEPLAN - AREALDELEN	
Kommuneplan – Arealdelen 2013-2025 Vedtatt 2013	<p>Arealdelen består av <i>Kommuneplan, Arealdelen (2013)</i> samt <i>Kommunedelplan for sentrum/Ikornnes (2020)</i>, <i>Kommunedelplan for Straumgjerde (2017)</i> og <i>Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet (2014)</i>.</p>
Kommunedelplan for utvida sentrum Vedtatt 2020	<p>VURDERING: Kommuneplan-Arealdelen og dei to kommunedelplanane for Straumgjerde og sentrum/Ikornnes dekkjer alt industri- og bustadareal i kommunen.</p>
Kommunedelplan for Straumgjerde Vedtatt 2017	<p>For bustadareal er det er til dels store reservar av innanfor gjeldande planar. Utfordringa er at for lite areal kjem ut i marknaden, og at ledig areal til dels ligg i område som kan synast mindre attraktive i marknaden. Dette er problemstillingar som må løysast utanom plan.</p> <p>I og med sentrumsplanen og Straumgjerdeplanen er nye planar, vurderer ein at desse har dekkjande arealreservar for perioden fram til 2023.</p> <p>Næringsareal tykkjast også å vere oppdekka for dei næraste åra, jamfør tilbakemeldingane frå næringslivet og Sykkylven næringsutvikling under</p>

<p>Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet Vedtatt 2014</p>	<p>utarbeidinga av ny sentrumsplan. Her også er det godkjente areal som ikkje er tatt i bruk.</p> <p>Største utfordringa med arealdelen er manglande samordning mellom føresegnene til dei ulike planane. Systemet med rullering til ulik tid, gjer at vi vil få noko ulike reglar for ulike delar av kommunen. Endra retningslinjer frå staten over tid har til dømes gitt ulike reglar for område for spreidd bustadbygging, handtering av samfunnstryggleik, naust mm. Sjølv om det gjerne er mindre forskjellar, må kommunen ha likt regelverk for heile kommunen.</p> <p>Kommuneplan – arealdelen og kommunedelplan for Straumgjerde og for sentrum/Ikornnes bør derfor slåast saman til ein plan slik at alle planområda får likt regelverk. Rullering kan gjerast berre for føresegnene.</p> <p>Kommunedelplan Nyseterområdet omfattar andre problemstillingar enn dei andre planane. Fokus er hytteutbygging kontra landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Området er eit stort og regionalt viktig natur- og friluftsområde. Balansering av ulike interesser er utfordrande. Sjølv om det har vore stor byggeaktivitet over fleire år, er det framleis store arealreservar for ny hyttebygging som ikkje er tatt i bruk. Meir av eksisterande byggeområde bør takast i bruk før ein startar rullering av hovudplanen. Planen er den eldste av kommunedelplanane. Rullering vert foreslått i 2023.</p>
<p>TEMAPLANAR SKULE OG BARNEHAGE</p>	
<p>Strategiplan for skuleeigar 2019 -2023. Vedtatt 2019</p>	<p>Kommunestyret er den formelle skuleeigaren og er med dette ansvarleg for at krava i opplæringslova og forskriftene vert oppfylte. Utøvinga av ansvaret er delegert til administrasjonen i kommunen, som skal sikre og styrke skulane sitt kvalitetsarbeid.</p> <p>Strategiplanen er eit verkty for å sikre tydelege rammer for ansvarsfordeling og god kommunikasjon mellom skuleeigar, administrasjon og skuleleiar/skulane.</p> <p>VURDERING: Gjeldande plan er for perioden fram til 2023. Det er ikkje meldt behov for rullering før den tid. Rullering i 2023</p>
<p>Rammeplan for barnehage Vedtatt 2012</p>	<p>Ny nasjonal rammeplanen hausten 2017 er svært konkret, og kan nyttast som eit godt arbeidsverktøy ute i barnehagane.</p> <p>VURDERING: Barnehagesektoren meiner sjølv at den nasjonale rammeplanen er eit godt verkty for barnehagane, og at ein ikkje bruker tid og ressursar på utarbeiding av lokal rammeplan. Lokal plan frå 2012 går ut. Ny lokal plan vert ikkje utarbeida.</p>
<p>TEMAPLANAR HELSE OG OMSORG</p>	
<p>Helse og omsorgsplan 2020-2028</p>	<p>Overordna plan for helse- og omsorgssektoren.</p> <p>Sektoren står føre store utfordringar knyt til deografiske utvikling og samfunnsmessige endringar, som fører til endra behov hos innbyggjarane. Planen skal vere eit politisk og administrativt grunnlag for å planlegge og styre ei langsiktig og berekraftig utvikling av sektoren.</p> <p>Planen er i sluttfasen. Rullering vart starta i 2019. Planforslag har vore ute til høyring i 2020 og vert klart for slutthandsaming i 2021. (Koronautsett)</p>

Handlingsplan for LHBT Rehabiliteringsplan	I planarbeidet er Handlingsplan for LHBT tatt inn i hovudplanen. Fagplan for habilitering/rehabilitering er under arbeid, som ein del av helse- og omsorgsplanen. VURDERING: Ny plan i slutfase, ikkje behov for rullering i inneverande valperiode. Leve Heile Livet – kvalitetsreforma for eldre, skal tydeleggjerast før slutføring.
Plan for legetenesta Vedtatt 2015	Ny under arbeid. Vedtak i løpet av 2021. Tidshorisont fire år fram i tid. VURDERING: Ny plan, ikkje behov for rullering denne valperioden.
Rusmiddelpolitisk handlingsplan Vedtatt 2016	Eksisterande plan vedtatt i 2016, for perioden fram til 2020. VURDERING: Rullering i 2021/22.
Bustadsosial handlingsplan Vedtatt 2016	Eksisterande plan vedtatt i 2016, for perioden fram til 2026. VURDERING: Kst-vedtak 15.02.2021 – Rullering i 2021.
Folkehelseplan	VURDERING: God helse er eit av FN sine 17 berekraftsmål. Folkehelse er eit gjennomgåande og sektorovergripande tema som skal belyst i alle planar. Ein eigen sær-plan for tema vert vurdert som lite tenleg. Det vil bli ein temaplan som grip inn i alle andre planområde, og lett skape ein uoversikteleg plansituasjon. Korleis folkehelse skal handterast i organisasjonen bør drøftast i samband med utarbeiding av ny samfunnsplan. Kommunen er ajour med utarbeiding av folkehelseoversikt. Folkeshelsinstituttet lagar også ein årleg kommuneoversikt.
KULTUR	
Ungdomssatsing Vedtatt 2003 Rullering 2018	Eigen plan for ungdomssatsing kom inn i planstrategien i 2003. Det har tidlegare vore sett av eigne ungdomsmidlar der ungdom sjølv har vore med å bestemme bruken. Det har ikkje vore prioritert å lage eigen plan. Eigen plan har heller ikkje vore etterspurt. VURDERING: Ut frå erfaringane kan det diskuterast om det er ein eigen plan for satsinga som skal til, eller om det er andre, betre måtar å arbeide for ungdom på? Planarbeidet er både tid- og ressurskrevjande. Kan hende er meir aktiv tilrettelegging for ungdomsrådet sitt arbeid ein meir ein betre innfalsvinkel der ungdom i større grad får delta i utforming av kommunen. Spørsmål om det skal utarbeidast ein eigen plan for satsinga bør vurderast i samband med ny samfunnsplan.
Kulturminneplan	Plan er under arbeid, nær ferdigstilling. VURDERING: Planvedtak i 2021. Ikkje behov for rullering i valperioden.

Idrett og friluftslivsplan Vedtatt 2012	<p>Plan er under arbeid. Planlagt ferdig 2020.</p> <p>VURDERING: Ikkje behov for rullering i planperioden. Årleg rullering av handlingsdelen.</p> <p>Møre og Romsdal fylkeskommune har hausten 2020 tatt initiativ overfor kommunane om utarbeiding av eigen plan for utvikling av friluftslivsbygg. Miljødirektoratet, fylkeskommunen og friluftsråda tilbyr kommunane assistanse i arbeidet. Folkehelsekoordinator har meldt interesse frå Sykkylven kommune om deltaking.</p> <p>Frå forskinga veit ein at enkelt friluftsliv gir absolutt størst helsegevinst for kvar krone ein legg inn. Planfokus på friluftsliv kan såleis vere eit effektivt og viktig tiltak for betra folkehelse i kommunen. Organisasjonen Norsk Friluftsliv har gitt ut «Hurtigguide for lokalpolitikere ved rullering av planstrategi» med nyttige innspel. Ut frå moglegheiter for ekstern bistand frå fylkeskommunen/friluftsrådet, vert friluftslivsplan sett opp med oppstart i 2021, fullføring i 2022.</p>
NÆRING, TEKNISK, MM	
Trafikktryggingssplan Vedtatt 2020	VURDERING: Ny plan vedtatt 2020. Ikkje behov for rullering i valperioden. Tiltaksdelen skal rullerast årleg.
Landbruksplan Vedtatt 2016	VURDERING: Jordbrukssjefen melder behov for rullering. Planlagt 2021.
Energi og klimaplan Vedtatt 2010 Rullering 2020	VURDERING: Planarbeidet er eit interkommunalt prosjekt 2019/20 i regi av Sunnmøre regionråd. Fullføring i 2021.
Næringsplan Vedtatt 2019	Sykkylven Næringsutvikling (SNU) har ansvar for utarbeiding av næringsplan. Ny strategiplan vart handsama i KST 17.12.2019. Eventuelt behov for rullering må sjåast i samheng med omstillingsprosjektet som vart starta i 2020, der ein søker årlege omstillingsmidlar over ein 6 års-periode. Gjennom prosjektet vil ein avklare behovet for rullering av næringsplan eller om SNU vurderer behov for rullering.
Hovudplan vassforsyning Vedtatt 2012	Planlagt rullering i 2022 (Sykkylven Energi).
Hovudplan avløp Vedtatt 2012	Rullering i 2020 (Sykkylven Energi). Planforslag vert lagt fram til politisk handsaming i Nærings- og utviklingsutvalet i november 2020. VURDERING: Ikkje behov for rullering i valperioden.
BEREDSKAPSPLANAR	
Beredskapsoversyn	Årleg revidering.
Plan for kriseleiinga	Årleg revidering.
Plan for omsorgsberedskapen	Årleg revidering
ØKONOMI	
Årsbudsjett	Årleg
Økonomiplan	Årleg
Årsmelding	Årleg

6 Planstrategi 2021-2023

Ut frå vurderingane i førre avsnitt vert det foreslått følgjande planoppgåver fram til 2023:

Kolonna 2020 gjeld planar som er under slutføring i 2020, men der endeleg kommunestyrevedtak kan verte på nyåret 2021. Årlege planprosessar (beredskap, økonomi, mm) går som før og er ikkje sett opp i tabellen.

	2020	2021	2022	2023
Kommuneplan Samfunnsdelen Ny plan. Berekraftfokus				
Kommuneplan Arealdelen Samordning av føresegner				
Kommunedelplan Nysæterområdet				
Strategiplan for skuleeigar				
Helse- og omsorgsplan				
Plan for legetenesta				
Rusmiddelpolitisk handlingsplan				
Kulturminneplan				
Anleggsplan for idrett				
Plan for utvikling av friluftslivsanlegg				
Næringsplan				
Landbruksplan				
Trafikktryggingsplan				
Energi og klimaplan				
Hovudplan vassforsyning				
Hovudplan avløp				
Løypeplan for Fjellsætra				
Interkommunal plan for Storfjorden				
Integrerings- og inkluderingsplan				
Bustadsosial handlingsplan				

7 Planprogram samfunnsdelen

Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Kommunestyret vedtek planprogrammet. *(Plan- og bygningslova § 4-1)*

Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde omtale og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gi retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for kommunen si eiga verksemd og for staten og regionale myndigheiter si verksemd i kommunen.

(Plan- og bygningslova § 11-2 og 3).

7.1 Organisering

Formannskapet er politisk styringsgruppe. Oppretting av ei politisk arbeidsgruppe med representantar for alle partia samt råd og utval blir vurdert. Levekårsutval og Nærings- og utviklingsutvalet vil vere verkstad for relevante tema i samfunnsplanen.

Kommunedirektøren har det administrative leiaransvaret for planarbeidet. Administrativ arbeidsgruppe er kommunedirektøren si leiargruppe. Samfunnsplanleggar har fagansvar for å utarbeide planforslag og gjennomføre prosessen.

7.2 Prosess

Medverknad markert med **grønt**.

	Des 2020	Jan 2021	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Aug	Haust 2021
Kunngjering av planoppstart. Planstrategi og planprogram lagt ut til høyring.									
Høyringsperiode									
Vedtak planstrategi og planprogram									
Kunnskapsgrunnlag og utfordringdokument er utarbeida. Berekraft-status for kommunen ligg føre.									
Arbeidsmøter i politiske utval er gjennomført									
Medverknadsaktivitetar – møter/digitalt/skulesamarbeid/lag og org.									
Politisk bearbeiding									
Planforslag ferdig									
Politisk vedtak om høyring									
Høyringsperiode									
Endeleg vedtak i kommunestyret									

7.3 Medverknad

Brei medverknad er grunnleggande prinsipp for prosessen. Prosessen skal slutførast i løpet av 2021. Avhengig av smittesituasjon og smitteverntiltak vil medverknadsprosessen måtte tilpassast dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer.

Aktiv bruk av digitale verktøy og nye metodar vil måtte brukast til erstatning for folkemøter og verkstadar av meir tradisjonell art. Det treng ikkje vere nokon ulempe for prosessen. Nye verktøy kan gi auka medverknad for fleire grupper. Bruk av telefon-tilpassa løysingar må vurderast særskilt. Døme på andre metodar som kan nyttast er innbyggjarpanel, gjestebudordning oppgåveutval, mm. Alt innanfor dei til ei kvar tid gjeldande smittevernsreglar. Metodeval må avgjerast i prosessen.

Ungdom bør ha eit særleg fokus i medverknadsarbeidet. Ungdomsrådet er sentralt. Fokus bør også rettast særleg mot unge vaksne, småbarnsforeldre, innvandrarak og tilflyttarak, då desse representerer grupper kommunen vil vere særleg avhengig av i åra framover.

Næringsmessig har Sykkylven Næringsutvikling ansvar for Omstillingsprosjektet som starta i 2020. Målet er å skape fleire arbeidsplassar og eit meir robust næringsliv i kommunen. Prosjektet har gjennomført eit breidt lokalt medverknadsarbeid. Næringlag, bedrifter, ungdom, mm har vore engasjert. Kunnskap frå dette arbeidet må brukast i samfunnsplanen. Samordning er viktig for felles mål gjennom eit samordna planverk. Overlappende aktivitetar i dei to prosessane må unngåast.

7.4 Vurderingsalternativ

Kommunen står føre negative prognosar på folketalsutvikling. Planprosessen bør vurdere verknadane av ei utvikling som prognosen viser, alternativt ei stabilisering av folketalet, opp mot ei ønska utvikling med vekst i folketalet.

7.5 Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov

Eksisterande kunnskapsgrunnlag dekker i stor grad behovet. Fylkeskommunen sin rapport Utfordringar og moglegheiter i Møre og Romsdal fram mot 2030, fylkesstatistikk, kommunestatistikk, folkehelseprofil, oppvekstprofil, Ungdata, Kostra med fleire bidrar tilsaman med eit breidt kunnskapsgrunnlag.

Kommunen si heilskaplege ROS-analyse skal oppdaterast som del av arbeidet. Tilpassing til nye klimautfordringar er sentralt.

Bærekraftstatus er under kartlegging gjennom fellesprosjektet Bærekraftsfylket Møre og Romsdal. Prosjektet skal bidra med statusvurdering på FN's bærekraftsmål i kvar kommune. Det er forventa at kommunerapport for Sykkylven ligg føre innan utgangen av 2020. Avhengig av innhald og utforming må ein vurdere om det eventuelt er behov for tilleggsutgreiingar.

Kommunane vert årleg vurdert og rangert av eksterne instansar. Kommunal Rapport sitt Kommunebarometer er eit av dei mest kjente. NHO gjennomfører nærings-NM for kommunar og det vert gjort vurderingar/rangeringar innanfor ulike andre tema frå år til år. Å bli vurdert utanfrå er alltid nyttig. Resultata må brukast som ein del av kunnskapsgrunnlaget i planarbeidet.

Aktuelle kjelder (lista er ikkje uttømmende):

- Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunestatistikk. Mai 2020
- SSB folketalsframskrivingar og KOSTRA-tal.
- Bærekraftløftet. Kartlegging av Sykkylven kommune etter FN's 17 bærekraftsmål.
- Folkehelseprofil 2020, FHI – Folkehelseinstituttet
- Oppvekstprofil 2020, Folkehelseinstituttet.
- UngData 2020,
- Klimaprofil Møre og Romsdal
- Innbyggjarundersøking, Sykkylven kommune 2019.
- Kommunebarometeret/Kommunal Rapport
- Næringsbarometeret, NHO
- Distriktssenteret/regional anayse